



ein
flik av

PÅ BRYLLAUPS-DAGEN: Steinar kapra den finaste jenta i bygda og har sidan hatt ein støtte-spelar i tjukt og tynt.



FAR OG SON: Steinar saman med eldstesonen.

STEINAR KRAKHELLEN

■ **ALDER:** 57 ÅR. **SIVILSTAND:** Gift med Annemor, fire born. **YRKE:** Landpostbod og ordfører fram til kommunevalet. **LIVSMOTTO:** Sjå lyst på det meste.

Post politisk

Det kan bli for mykje kuling sjølv for ein suling.

– Bråket byrja med at eg som landpostbod blei skulda for å ha påverka folk då eg gjekk rundt og samla inn forehandsstemmer. Somme meinte at det ikkje var riktig at ordførarkandidaten skulle samle stemmer i ordets aller rettaste betydning.

– Eg var klar over faren. Difor la eg heilt bevisst ferien min til den perioden forehandsstemminga byrja. Til saman tok eg imot berre elleve stemmer.

Men dei elleve stemmene blei til slutt noko av grunnen til at Steinar Krakhellen ved neste val set punktum for karrieren blant dei eminente grå. Dei sette i gang eit politisk jordskjelv i Solund.

FOR DET FØRSTE gjorde Høgre eit brakval. For det andre tilsette det nye Høgre-fleirtalet ein omstridd helse- og sosialsjef som i tillegg til at enkelte drog kvalifikasjonane hans i tvil, også var ven med Krakhellen.

Det utvikla seg til at ordførar og rådmann sat kontorvegg i vegg, men snakka gjennom media.

– Det vart eit direkte spetakkel. Vi var ikkje profesjonelle på nokon måte.

Våren 2001 gjekk Krakhellen i bakken og vart sjukmeld.

– Det kosta meir å arbeide meg gjennom spetakkelet enn eg hadde trudd. Eg fann ut at eg ikkje var pigg nok til å sitje med alt ansvaret eg hadde, og at det ville vere riktig å prøve å hente meg inn att.

Så Steinar byrja heller å kløyve ved. Og så pakka han og reiste. Til Haugesund blant anna.

– **EIN BYRJAR JO** å lure på seg sjølv når ein får såpass sterke signal som det her

var snakk om. Kva hadde eg gjort for å leggje grunnlaget for det?

Han vrir seg på stolen. Vrengjer sjela noko motvillig.

Folk seier om Steinar Krakhellen at han er ein hjelpsam fyr. Ein som ordnar opp i praktiske problem. For eksempel når ein går bensintørr på Domba på veg for å rekke ekspressen på Krakhella. Eller når ein skal frakte kraftfôr til ei veglaus grend.

– **Eg prøver** å hjelpe andre, gjerne meir enn eg har kapasitet til. Det er lenge sidan Annemor litt demonstrativt byrja å abonnere på «Gjør det selv».

– Ja, det var ei stund eg lurte på om eg skulle be nokon andre ringje til han å spørje om han kunne hjelpe meg litt.

– **Og plutseleg er det deg alt ståket handlar om.**

– Ja, og ikkje visste eg kven avsendaren var heller. Det startar litt av kvart oppe i hovudet.

– **Korleis er du då?**

– Omtrent slik eg er om morgonen før eg har vakna skikkeleg.

For første Teddyden rekk å breie eit lag med tjøre over sansane, og kaffien set i gang tarmane. Ikkje heilt grei med andre ord.

– Til slutt bestemte eg meg for å leggje spetakkelet bak meg. Ikkje spekulere på kven som ville meg til livs. Det hjalp enormt mykje at Fylkesmannen gjennom si granskning slo fast at alt hadde gått føre seg etter boka.

Og no set han politisk strek for godt. Neste gong det er kommuneval samlar landpostbodet stemmer for andre.

KRAKHELLEN grip etter pakken med

Teddy på skjortelomma. Han slutta å røykje i eitt år medan jentungen var liten, etter at ho fekk tak i ein sneip og åt han.

– Ho hadde for så vidt ikkje ilt av det, men det hadde eg, seier han med eit lurt flir og skottar ut på kjøkkenet der Annemor står i oppvasken.

Annemor var ei av dei finaste jentene i bygda. I dønningane etter 68-opprøret og mennene sine første, spede bleieskipt, var det han som slo kloa i henne.

Han tok henne med storm og humor. Sidan har ho støtta han gjennom tjukt og tynt.

– Fellesskapet har blitt mykje prioritert i forhold til ein sjølv, seier Annemor.

Ho måtte sjå på dyna om mannen hadde vore til sengs om natta. Kroppsvarmen var for lengst gått ut.

– Men dei fire åra han ikkje var med i kommunestyre og stell fann eg ut at det trass alt var betre han var med. Han sakna å vere der avgjerslene vart tekne, seier ho.

KRAKHELLEN blei ordførar for Høgre første gong i -76,

– **Kvifor Høgre?**

– Alle her ute er sjølvstendige. Difor passar Høgre. Partiet er ikkje så beinhardt styrt gjennom vedtak og regelverk som nesten grip inn i stovene til folk. Det går an å tenkje romsleg utan å bli pressa inn i fald. I små forhold som dei vi har i Solund, er partitilknytning uansett ikkje det viktigaste.

Han var ordførar i seks år. Samstundes jobba han som trygdesjef, ei stilling han fekk som landets yngste nokosinne.

– **Tenkte du romsleg som trygdesjef også?**

– Det vart vel gjerne innromt ei reise

eller to for at folk skulle kome seg fram på ein fornuftig måte. Det er ikkje berre enkelt å reise her ute, veit du.

– **MISTAR EIN EI** ferje, blir ein gjerne eit halvt døgn forseinka. Slikt blir til slutt ein livsstil. Ein må alltid vente på ferja. Ho kjem ikkje verken før eller seinare uansett kor mykje ein stressar.

Frå stoveglaset ser Krakhellen ferja leggje til, nesten i hagen hans.

Utsikta er stein, hav og ei og anna einebærkave. Ein grøn prikk i alt det grå-blå.

– Så langt ut måtte vi ro, før vi såg at vi måtte til lands att, seier han.


Han faldar arbeidsnevane. Dei ser større ut enn hovudet.

TEKST

Heidi Hansen
heidi.hansen@firda.no

FOTO

Olav Øygard
olav.oygard@firda.no



TILBAKE PÅ POST: Steinar Krakhellen går tilbake til jobben som landpostbod når han takkar av som ordfører etter kommunevalet i haust.